

Til

Styret,  
Den kulturelle spaserstokken



### **Innspel/søknad om tilskot 2017**

#### **Falturiltu – nynorsk barnebokfestival**

---

#### **Om Falturiltu**

Målsetjinga til Falturiltu er å løfta fram kreativ og nyskapande formidling på nynorsk. Sjølv om Falturiltu primært er ein barne- og ungdomsbokfestival ser me at mange av forfattarane har ønskje om å opptre for ei variert målgruppe, og at fleire av bøkene har allmenngyldige tema som gjeld for eit vidt aldersspenn. I 2017 vil Falturiltu satsa ytterlegare på formidling med forankring til seniormålgruppa. Festivalen har gode erfaringar med tilrettelagte opplegg for *Den kulturelle spaserstokken*, og me søkjer om støtte til følgjande arrangement:

#### **1-2 forfattarsamarbeid, 4 framsyningar**

Falturiltu vil invitera 1-2 av forfattarane som er på programmet i 2017 om å setja opp tilpassa framsyningar med litteratur (gjerne med musikk) med mål om å nå ut til fire institusjonar i Stord kommune. Her tenkjer me ein kombinasjon av eldre-/helse- institusjonar (Knutsåsen, Sjukeheimen, Buneset) og kulturarenaer (Hagerupshuset, Kulturhuset). I samråd med helseinstitusjonane ønskjer Falturiltu og å sjå om det kan tilretteleggjast for at det samstundes kan vera ei barnehagegruppe til stades, då me tenkjer det er eit flott tiltak å kombinera desse to målgruppene. Programmet vil vera rundt 30 – 45 minutt.

*Søknadssum: kr. 20.000,-*

(Søknadssum vil dekkja honorar og reisekostnadar)

Med venleg helsing  
Falturiltu

## Nøkkeltal Falturiltu

	2015	2014
Tal publikum	5710	4344
Tal programpostar	56	51
Tal programpostar barn	53	48
Selde billetter	1504	866
Anslag dugnadstimar	200	170



### Styrande mål for Falturiltu:

1. Vera ein unik nasjonal formidlingsarena for nynorske barne- og ungdomsbøker
2. Visa fram breidda av gode forfattarar, illustratørar og låtskrivarar med nynorsk som formidlingspråk
3. Medverka til at barn og ungdom i ulike alderstrinn får auka interesse og engasjement for lesing og nynorsk språk via forfattarbesøk og ved å vera aktive deltakarar
4. Auka den faglege forståinga av nynorsk språk og litteraturformidling
5. Skapa samhandling og danna nettverk med relevante kulturaktørar på tvers av kommune- og fylkesgrenser
6. Vera eit framifrå døme på samarbeid mellom det private, frivillige og offentlege
7. Medverka til å fronta biblioteka som ein leiken formidlingsarena.

### Satsingsområder for Falturiltu 2016-2019

1. Dokumentera Falturiltu sine 10 første år med ei bokutgjeving
2. Styrkja samarbeidet med vidaregåande skular
3. Løfta den programmessige formidlinga til nye arenaer
4. Engasjera barnebokillustratør for å forbetra og skapa ein heilskapleg grafisk profil
5. Knytta nye kontaktnettverk med aktørar innan barnebøker og nynorsk formidling
6. Få til konkrete koplingar mellom Falturiltu og Teaterfestivalen, og løfta fram nynorsk dramatik

---

### Festivalkoordinatør:

Trond L. Onarheim – Kulturkonsulent, Stord kommune

### Festivalstyret:

Roald Kaldestad – Festivalleiar og forfattar  
Anna R. Folkestad – Forfattar og illustratør  
Jane Jünger – Dagleg leiar, Sunnhordland museum  
Hege Myklebust – Stipendiat, Høgskulen Stord-Haugesund

### På programmet i 2016:

Bjørn Sortland  
Selma Lønning Aarø  
Ingelin Røssland  
Finn Tokvam  
Ragnar Hovland  
Anna R. Folkestad  
Rune Belsvik

Ruth Lillegraven  
Olaug Nilssen  
Oskar Stein Bjørlykke  
Anders Totland  
Atle Hansen  
Daniel Kvammen  
Erik Ingebrigtsen

Hilde Kramer  
Erna Osland  
Per-Olav Kaldestad  
Roald Kaldestad  
Terje Torkildsen  
Øyvind Torseter  
Veronica Erstad